



Møteprotokoll

Utval	Heradsstyret
Møtestad	Heradsstyresalen
Dato	07.05.2026
Tidspunkt	kl 15:30 - 21:30

Frammøtte	Parti
Anders Gjeraker	Ap
Benedicte Kragh	Ap
Hilde Marie Magnusson	Ap
Marit Wæhle	Ap
May Røssland	Ap
Stein Helge Mandelid	Ap
Knut Ståle Kvissel	Frp
Stig Frode Solveit Støle	Frp
Daniel Lund Imani	H
Erik Flage	H
Iiril Kirstine Schau Johansen	H
Lars Tore Rogne	H
Svein Erik Burud	H
Sveinung Riber	H
Kenneth Myhre	INP
Knut Opheim	INP
Lars Gunnar Øye	INP
Terje Eide	INP
Øystein Måkestad	Krf
Trygve Lyshagen Tømmerås	Mdg
Bridget Penny	R
Helena Elvatun	Sp
Kari Nestaas Ruud	Sp
Samson Hamre	Sp
Sigurd Tyssen	Sp
Siri Stuve Elvatun	Sp
Sturla Hommedal	Sp
Tonje Ljones Såkvitne	Sp
Dag Sandvik	Sv
Gry Bystøl Gladheim	Sv
Håvard Skattum	Sv
Margrethe Alm	Sv
Marit Tveito Askeland	Sv
Anna Lussand Selheim	UAV
Endre Evensen	UAV

Hilde Lussand Selheim UAV
Norunn Renate Bidne UAV

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Asgeir Løno	Ap	Graciella Betty Iradukunda	Ap
Tommy Mo Aarethun	Ap	Karl Atle Knapskog	Ap
Christina Løno	H	Evy Merethe Lunde	H
David Inge Tveito	H	Kariann Slettemark	H
Katrine Matthiessen	H	Oddbjørn Bratthole	H
Elin Seim	V	Leif Helge Vevatne	V

Andre som møtte

Elin Klette
Elisabeth Lillegraven
Frøydis Solbakk
Hans-Erik Ringkjøb
Ingeborg Hellesnes Uppheim
Kjersti Nordanger
Lars Egil Sjøtun
Martin William Kulild
Perline Dugstad Vivås
Sondre Hauglum
Styrkaar Ringheim - Hustveit
Trude Letnes

Stilling

Politisk sekretær
Leiar Prosjekt og Utvikling
Leiar barnehage
Kommunalsjef tekniske tenester
Kommunalsjef
Kommunalsjef Helse og omsorg
Spesialkonsulent
Rådmann
Politisk sekretær

Kommunalsjef kultur og fritid

Protokollfører:
Elin Klette

Inhabil	Sak	Varamedlem	Merknad
Kariann Slettemark	36/26	Åshild Søvik Underdal, H	
Øystein Måkestad	36/26	Isak Gjerme, Krf	
Hilde Marie Magnusson	41/26	,	
Hilde Marie Magnusson	42/26	,	
Benedicte Kragh	43/26	,	
Håvard Skattum	44/26	,	
Bridget Penny	48/26	,	
Dag Sandvik	48/26	Hilde Skorve, Sv	
Knut Ståle Kvissel	48/26	,	

Møtenotat

Helena Elvatun, Sp, permisjon til kl 16.00
Graciella Betty Iradukunda, Ap, permisjon frå kl 16.10
Aksel Gregersen, Ap, kom 16.42, under handsaming av sak 36/26 (som ny vara for Asgeir Løno)
Svein Erik Burud, H, permisjon frå kl 19.30, etter sak 42/26
Iril S. Johansen, H, permisjon frå kl 19.45 etter sak 44/26
Knut Opheim, INP, permisjon frå kl 20.45, under interpellasjon 07/26
Kari Nestaas Ruud, Sp, permisjon frå kl 21.07, etter GS 06/26
Karl Knapskog, Ap, permisjon frå kl 21.16, etter informasjon frå rådmannen

Hilde Skorve, SV, vara i sak 48/26 og 49/26

Informasjon frå rådmannen;

Oppmoding før 17. mai, basert på erfaringar frå natt til 1. mai det det samla seg 150 og 200 ungdomar ved servicebygget og aktivitetsparken i Prestegardsmoen. Det var mykje alkohol, det vart knust mykje flasker, og bos vart slengt på bakken, ingen brukte bosdunkar. Alt vart kasta rundt, både knuselege- og uknuselege flasker. Det opplevdes som rein flaks at det ikkje oppstod materielle skadar på bygg og utstyr i parken denne natta. Det var òg ei kjent alvorleg valdshending der ein ung mann vart slått ned og sparka.

SLT (Samordning av lokale rus- og kriminalforebyggende tiltak) hadde møte denne veka og har oppmoda om at Aktivitetsparken verta halden stengt natt til 17.mai. Det er for stor risiko både for ungdommane og for våre materielle eigedeler til at me kan la alle desse ungdommane oppholda seg der på slike netter. Rådmannen støttar dette og vil syte for at område vert stengt frå kl 21.00 den 16.mai.

I tillegg kjem Voss herad og politiet til å sende ut oppmoda alle foreldre om at ungdommar, særleg i ungdomskulealder ikkje får opphalda seg på Vangen etter klokka 21.00.

Organisasjonsgjennomgangen er i rute – pågående drøftinga med HTV og ekstra møte i AMU. Ny administrativ orgnisasjonsmodell er planlagt gjort offentleg 29.05.26 – men vert ikkje politisk sak til vedtak.

Orientering om drift av flyplassen og oreiningsprosess – *Hans-Erik Ringkjøb orienterer for rådmannen*

- Møte om drift flyplass, referat ligg på postlista
- Brev til Voss fallskjermklubb sendt i dag, lese opp i møtet

Informasjon frå ordførar;

- presentasjon frå Tonje Ljones Såkvitne, Benedicte Kragh, Sveinung Riber, Kenneth Myhre etter fyrste samling i utviklingsnettverket til KS. Presentsjonen ligg på Voss herad si heimeside
- forfall til sak eller permisjon frå delar av møte, send sms eller mail til politisk. Berre forfall til eit heilt møte skal meldast i møteportalen
- det er stadig behov for Natteravnar
- Prosjekt X, workshop på Voss sjukehus, meir informasjon kjem i neste møtebolc
- 17. mai - folketoget går kl 14.00 (oppstilling 13.50)

Sveinung Riber orienterte om at Voss gatebil har 16. mai arrangement for ungdom hjå Amfi.

Tonje Ljones Såkvitne
Ordførar

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
IM-04/26	Informasjon til møte i Heradsstyret 7. mai 2026
PS-34/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-35/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-36/26	Uttale til søknad - Voss friskule AS
PS-37/26	Kvalitetsmelding for barnehage for 2025
PS-38/26	Tilstandsrapport barnevern 2025
PS-39/26	Høyringsvar - Endring i Vannfallsrettighetsloven og Vassdragsreguleringsloven - felles konsesjonskraftpris
PS-40/26	Detaljreguleringsplan Park hotel- planid. 2023007
PS-41/26	Utbyggingsavtale for nytt felles avløpsreinseanlegg i Myrkdalen
PS-42/26	Investeringsvedtak for nytt felles avløpsreinseanlegg i Myrkdalen
PS-43/26	Delegering av tilsynsmynde etter forureiningslova frå Voss herad til BIR
PS-44/26	Samanslåing av forliksråda i Eidfjord, Ulvik og Voss
PS-45/26	Nytt salsløyve endring av firma Coop Prix Uttrågata
PS-46/26	Nytt skjenkeløyve Holbergsstova as orgnummer: 937279183
PS-47/26	Nytt skjenkeløyve nytt firma Venezia Pizza Voss orgnr: 931697838
PS-48/26	Utvida skjenketid i høve Fotball VM 2026 Voss herad
PS-49/26	Samlesak for referatsaker
IP-07/26	Interpellasjon frå Voss senterparti v/Kari Nestaas Ruud - om moglegheiter i Voss kulturhus
IP-08/26	Interpellasjon frå Krf v/Øystein Måkestad - felles utsending av partiprogram til alle husstandar før valet i 2027
GS-06/26	Grunngjeve spørsmål frå Trygve L. Tømmerås, Mdg
GS-07/26	Grunngjeve spørsmål - PwC sin rapport om legetenesta v/Dag Sandvik, SV
PS-50/26	Ymse

04/26 Informasjon til møte i Heradsstyret 7. mai 2026

Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Heradsstyret 7. mai 2026 kl 15.30 i heradsstyresalen på Tinghuset.

Merk tida!

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melda i møteportalen.

Kommune-TV

Møtet vert vist på Kommune-tv. Tilhøyrarar kan følgja sendinga <https://voss.kommunetv.no/>.

Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
Middag (gryterett) i kantina for HST		15.00 - 15.30
Kulturskulen	Oddvar	15.20 - 15.30
Møtet er sett	Ordførar	15.30 - 15.40
Orienteringar - Avdeling prosjekt og utvikling presenterer Aktivitetshus og bustadprosjekt på Tvildemoen i lag med Nord arkitekter	Elisabeth Lillegraven og Styrkaar Ringheim-Hustveit	15.40 - 16.10
Sakshandsaming	Ordførar	16.10 - 19.40
Generell informasjon frå rådmann og ordførar	Rådmann og ordførar	19.40 - 20.00

Voss 24. april 2026

Tonje Ljones Såkvitne

Ordførar

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

HST - 04/26 Vedtak

34/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming

Samrøystes vedteke med 42 røyster.

HST - 34/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

35/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming

Samrøystes vedteke med 42 røyster.

HST - 35/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

36/26 Uttale til søknad - Voss friskule AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Voss heradstyre stiller seg negativ til godkjenning og etablering av Voss Friskule.
2. Rådmannen får fullmakt til å begrunne uttalen til Utdanningsdirektoratet i tråd med momenter som framgår i saka.

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 29.04.2026 - 21/26

1. Voss heradstyre stiller seg negativ til godkjenning og etablering av Voss Friskule.
2. Rådmannen får fullmakt til å begrunna uttalen til Utdanningsdirektoratet i tråd med momenter som framgår i saka.

Saksordfører: Erik Flage

Inhabile	Varamedlem	Merknad
----------	------------	---------

Kariann Slettemark	Ashild Søvik Underdal	
Øystein Måkestad	Isak Gjerme	

Utval for levekår 29.04.2026

Handsaming

Alternativt forslag, foreslått av Erik Flage, Høgre

Voss Herad stiller seg positive til etablering av Voss Friskule

Røysta over endringsframlegg frå Erik Flage, H, satt opp mot rådmann sitt framlegg til vedtak.
Endringsframlegget fall med 1 røyst (Erik Flage, H)

LEV - 21/26 Vedtak

1. Voss heradstyre stiller seg negativ til godkjenning og etablering av Voss Friskule.
2. Rådmannen får fullmakt til å begrunna uttalen til Utdanningsdirektoratet i tråd med momenter som framgår i saka.

Saksordfører: Erik Flage

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

Alternativt framlegg, foreslått av Iril Kirstine Schau Johansen, Høgre

1. Voss heradsstyre stiller seg positivt til godkjenning og etablering av Voss friskule.
2. Rådmannen får fullmakt til å grunngje uttalen til Utdanningsdirektoratet i tråd med desse punkta:
 - a. Søknaden om å etablere ein ny ungdomsskule er godt gjennomarbeidd og i tråd med gjeldande lovar og reglar.
 - b. Eit tilbod om ein friskule vil gje meir valfridom for den einskild, og vera eit godt tilbod for elevar som ikkje trivst i den kommunale skulen.
 - c. Voss ungdomsskule har høgt elevfråvær. Eit større mangfald i skuletilbodet kan bidra til at fleire elevar gjennomfører grunnskulen på ein god måte, og ikkje fell utanfor.
 - d. Voss ungdomsskule har ein bygningsmasse der kapasiteten er knapp, og ein må leiga inn brakker som tilleggsareal. Ein ny, mindre sentrumsskule vil kunna avlasta Voss ungdomsskule, slik at ein sparar kostnaden knytt til brakker.
 - e. Av praktiske omsyn knytt til lokalisering, vil det truleg vera størst elevrekruttering frå den største ungdomsskulen i Voss herad, Voss ungdomsskule. Denne skulen har inntil sju parallellklassar på kvart trinn.

- f. Ein ny skule i privat regi kan bidra til at Voss slepp å byggja ny ungdomsskule, noko som vil vera bra for kommuneøkonomien.
- g. Det skal opprettast nytt flyktningmottak på Voss, noko som vil gje eit endå større press på kapasiteten ved heradet sine ungdomsskular.
- h. Voss herad har i vedtekne planar lagt opp til fortetting i sentrumsområda, noko som vil gje endå større press på kapasiteten ved sentrumsskulane.

Korrigert alternativt framlegg, foreslått av Iril Kirstine Schau Johansen, Høgre

1.Voss heradsstyre stiller seg positivt til godkjenning og etablering av Voss friskule.

2.Rådmannen får fullmakt til å grunngje uttalen til Utdanningsdirektoratet i tråd med desse punkta:

- a. Søknaden om å etablere ein ny ungdomsskule er godt gjennomarbeidd og i tråd med gjeldande lovar og reglar.
- b. Eit tilbod om ein friskule vil gje meir valfridom for den einskild, og vera eit godt tilbod for elevar som ikkje trivst i den kommunale skulen.
- c. Voss ungdomsskule har høgt elevfråvær. Eit større mangfald i skuletilbodet kan bidra til at fleire elevar gjennomfører grunnskulen på ein god måte, og ikkje fell utanfor.
- d. Voss ungdomsskule har ein bygningsmasse der kapasiteten er knapp. Ein ny, mindre sentrumsskule vil kunna avlasta Voss ungdomsskule.
- e. Av praktiske omsyn knytt til lokalisering, vil det truleg vera størst elevrekruttering frå den største ungdomsskulen i Voss herad, Voss ungdomsskule. Denne skulen har inntil sju parallellklassar på kvart trinn.
- f. Ein ny skule i privat regi kan bidra til at Voss slepp å byggja ny ungdomsskule, noko som vil vera bra for kommuneøkonomien.
- g. Det skal opprettast nytt flyktningmottak på Voss, noko som vil gje eit endå større press på kapasiteten ved heradet sine ungdomsskular.
- h. Voss herad har i vedtekne planar lagt opp til fortetting i sentrumsområda, noko som vil gje endå større press på kapasiteten ved sentrumsskulane.

Kariann Slettemark, H, bad om vurdering av habilitet på bakgrunn sitt engasjement for å få etablert ein friskule på Voss og mannen si rolle i styret i Voss friskule.

Øystein Måkestad, Krf, bad om vurdering av habilitet som styrerepresentant i Voss friskule.

Heradsstyret røysta over K. Slettemark, H, og Øystein Måkestad, Krf, sin habilitet, dei vart samrøystes, med 40 røyster, funne ugilde jf fvl § 6 e og § 6 andre ledd. Åshild S. Underdal, H og Isak Gjermø, Krf, tok sete som vara i saka.

Heradsstyret røysta over innstilling frå Utval for levekår, opp mot korrigert alternativt framlegg frå Iril S. Johansen, H. Innstillinga frå Utval for levekår vart vedteke med 26 røyster mot 17 røyster (Iril S. Johansen, Sveinung Riber, Evy Merete Lunde, Erik Flage, Oddbjørn Brattøle, Daniel Lund Imni, Svein Erik Burud, Åshild S. Underdal, Lars Tore Rogne, H, Leif Helge Vevatne, V, Isak Gjermø, Krf, Knut

HST - 36/26 Vedtak

1. Voss heradstyre stiller seg negativ til godkjenning og etablering av Voss Friskule.
2. Rådmannen får fullmakt til å begrunna uttalen til Utdanningsdirektoratet i tråd med momenter som framgår i saka.

37/26 Kvalitetsmelding for barnehage for 2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvalitetsmeldinga for barnehagane i Voss herad for 2025 vert teke til orientering

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 29.04.2026 - 20/26

Kvalitetsmeldinga for barnehagane i Voss herad for 2025 vert teke til orientering

Saksordførar: Anders Gjeraker

Utval for levekår 29.04.2026

Handsaming

Utval for Levekår tek kvalitetsmeldinga til vitande, samrøystes med 8 røyster

LEV - 20/26 Vedtak

Kvalitetsmeldinga for barnehagane i Voss herad for 2025 vert teke til orientering

Saksordførar: Anders Gjeraker

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

Heradsstyret røysta over innstilling frå Utval for levekår, samrøystes vedteke.

HST - 37/26 Vedtak

Kvalitetsmeldinga for barnehagane i Voss herad for 2025 vert teke til orientering

38/26 Tilstandsrapport barnevern 2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss heradsstyre tek tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 til vitande.

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 29.04.2026 - 19/26

Voss heradsstyre tek tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 til vitande.

Saksordførar Siri S Elvatun

Utval for levekår 29.04.2026

Handsaming

Utval for Levekår tok rapporten til vitande, samrøystes med 8 røyster

LEV - 19/26 Vedtak

Voss heradsstyre tek tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 til vitande.

Saksordførar Siri S Elvatun

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

Tilleggsframlegg, foreslått av Iril Kirstine Schau Johansen, Høgre

Rådmannen tek initiativ til tettare samarbeid med den offentlege tannhelsetenesta, med tanke på å sikra at tannhelsetenesta har låg terskel for å senda melding til barnevernet ved mistanke om uro hjå tannhelsetenesta knytt til einskilde born og unge sine oppvekstvilkår.

Heradsstyret røysta over innstilling frå Utval for levekår, samrøystes vedteke.

Herdsstyret røysta over tilleggsframlegg frå Iril S. Johansen, H, samrøystes vedteke.

HST - 38/26 Vedtak

Voss heradsstyre tek tilstandsrapporten for barneverntenesta 2025 til vitande.

Rådmannen tek initiativ til tettare samarbeid med den offentlege tannhelsetenesta, med tanke på å sikra at tannhelsetenesta har låg terskel for å senda melding til barnevernet ved mistanke om uro hjå tannhelsetenesta knytt til einskilde born og unge sine oppvekstvilkår.

39/26 Høyringssvar - Endring i Vannfallsrettighetsloven og Vassdragsreguleringsloven - felles konsesjonskraftpris

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss heradsstyre vedtek å senda inn følgjande høyringssvar:

*** Høyringssvar start ***

Høyringssvar frå Voss herad – Energidepartementets forslag til endring av konsesjonskraftprisen

Voss herad viser til Energidepartementets høyringsbrev 23. januar 2026 med frist 24. april for høyringssvar.

Departementet føreslår to lovendringar:

(1) å endre vannfallsrettighetsloven og vassdragsreguleringsloven slik at «skiljet i konsesjonskraftpris for konsesjonar gjevne før og etter 10. april 1959» fell bort, og det blir etablert ein felles gjennomsnittleg pris.

(2) at den gjennomsnittlege sjølvkostprisen ikkje lenger skal baserast på eit representativt tal kraftverk i heile landet, men inkludere alle vasskraftanlegg som pliktar å avstå konsesjonskraft.

Voss herad er kjend med at Energidepartementet sitt framlegg har som føremål å styrkje grunnlaget for lokal tilslutnad til ny kraftutbygging, mellom anna planar om opprusting og utvidingsprosjekt (O/U-prosjekt). Kommunen har vurdert dei framsette framlegga ut frå denne målsetjinga, som berre kan nåast dersom verdien av konsesjonskraftordninga for kommunane blir ført vidare.

Landssamanslutninga av vasskraftkommunar - LVK - støttar ei samanslåing av prisregima (punkt 1 ovanfor), men støttar ikkje framlegget om å endre lova si ordlyd frå at sjølvkostberekninga skal baserast på eit representativt tal kraftverk, til at prisen skal byggje på alle vasskraftverk som har plikt til å avstå konsesjonskraft (sjå punkt 2 ovanfor). Ei slik endring vil føre til ein stor auke i konsesjonskraftprisen, og konsekvensen vil vere større lokal motstand, stikk i strid med den uttrykte målsetjinga i høyringsnotatet.

LVK støttar heller ikkje framlegga i høyringsnotatet om andre endringar i prisberekningsmodellen. Grunngevinga er den same som for framlegget om å endre ordlyden frå eit representativt tal kraftverk; ein endra berekningsmodell vil kunne føre til ein betydeleg prisauke med store omfordelingar mellom kraftselskapa og kommunane, utan at kommunane får nemneverdig meir konsesjonskraft.

Voss herad sluttar seg til LVK sitt høyringssvar og til dei vurderingane den byggjer på.

Voss herad vil nedanfor framheve betydninga av konsesjonskraftordninga for **Voss herad**

Kort om kommunen si rett til konsesjonskraft

Voss herad er vertskommune for fylgjande vasskraftanlegg:

Samla tildelt konsesjonskraft er 72,265 GWh årleg. Av dette vert 63,225 GWh henta ut til ED-pris, medan 9,040 GWh vert henta ut til individuell sjølvkost.

Verknadar av felles konsesjonskraftpris for kommunen

For Voss herad er det avgjerande at konsesjonskrafta framleis representerer ein økonomisk fordel for kommunen samanlikna med å kjøpe kraft med tilsvarande profil i marknaden, og at ho ikkje mistar verdi gjennom ein for høg ED-pris.

Voss herad er positiv til ei forenkling av regelverket gjennom éi felles prislesesegn. Kommunen meiner vidare at prisberekninga framleis må vere basert på sjølvkost for konsesjonskrafta – også når ho skal representere eit gjennomsnitt. I dette ligg at det skal vere sjølvkost som er representativ for konsesjonskrafta, og ikkje som sjølvkost for all vasskraftproduksjon.

Sjølv om Voss herad tek ut storparten av konsesjonskrafta basert på ED-pris, vil forslaget om å fjerne føresegna om at sjølvkosten skal baserast på eit representativt tal kraftverk medføra ei betydeleg endring av konsesjonskraftprisen, utan ei tilsvarande mengd konsesjonskraft. Ein høgare ED-pris vil auka kostnadane kommunen har til utkjøp av krafta, noko som får direkte konsekvens for kommunen sin økonomi. Som det framkjem seinare i denne fråsegna vil ED-pris kunne auka betydeleg. Basert på auke, inklusive effektoppgradering av anlegg, i ED pris tilsvarande 8 øre/kWh, vil uttak av konsesjonskraft kosta kommunen over 5 millionar meir enn i dag, årleg. Det er ein betydeleg auke.

Kommunen vil difor motsetje seg denne endringa, sjølv om kommunen er positiv til samanslåinga.

Utval av kraftverk i prisgrunnlaget

Departementet foreslår, som nemnt ovanfor, at konsesjonskraftprisen skal baserast på gjennomsnittleg sjølvkost for «vasskraftverk som pliktar å avstå konsesjonskraft», i staden for eit representativt utval.

Voss herad vil motsetje seg denne lovendringa.

I høyringsnotatet side 13 siste avsnitt framkjem det at:

«Lovendringen vil i mindre grad påvirke konsesjoner gitt etter 10. april 1959, da det for disse kun vil være tale om å endre beregningen fra et representativt utvalg til alle kraftverk som plikter å avgi konsesjonskraft. Departementet anslår at ED-prisen med denne endringen vil øke marginalt. At NVE og departementet endrer sin utregning av hva som inngår i grunnlaget for «gjennomsnittlig selvkost» antas derfor å medføre en ubetydelig endring for disse kraftverkene og kommunene som mottar denne konsesjonskraften. Denne problemstillingen diskuteres derfor ikke videre.»

Voss herad kan ikkje sjå at dette er riktig, at endringa berre vil føre til ein marginal prisauke. Tvert imot viser berekningar at prisen kan auke betydeleg. Denne auken kjem før ein tek med effektverka, som ikkje kan reknast som representative for berekning av konsesjonskraftprisen. Kommunen meiner at effektverka truleg vil føre til ytterlegare prisauke, utan at kommunen får ein tilsvarande auke i mengda konsesjonskraft.

Mange av opprustings- og utvidingsprosjekta som for tida er planlagde eller omsøkte, er nettopp effektutbyggingar som vil krevje betydelege investeringar. På Statkraft si heimeside går det fram at det er planar om å investere om lag 27 milliardar kroner i oppgraderingar. Ifølgje media er det samla planlagde investeringar på nær 100 milliardar kroner. Investeringane vil først og fremst bidra til auka effekt, og Voss herad meiner difor at slike investeringar ikkje bør inngå i sjølvkostgrunnlaget. Dersom effektinvesteringar skal inngå i prisgrunnlaget, inneber det at kommunane i realiteten betaler for investeringar som ikkje gir rett til meir konsesjonskraft. Ei slik løysing vil svekkje formålet med konsesjonskraftordninga.

Voss herad ber difor om at departementet sitt forslag om å stryke orda «representativt antall vannkraftverk» i femte ledd første setning, blir fråfalle.

Ny berekningsmetode for ED-prisen

Voss herad meiner vidare at forslaget om endring av prisberekningsgrunnlaget og prisberekningsmodellen ikkje kan behandlast før konsekvensane av dette er tilstrekkeleg kartlagde. Som det går fram ovanfor, meiner kommunen at det ikkje er riktig at departementet sitt forslag til lovendring og ny modell for å berekne prisen berre vil føre til ein marginal auke i prisen. Thema, som på oppdrag frå Energidepartementet har foreslått endringar i berekningsmodellen, skriv sjølv at ein ny modell i tråd med deira forslag vil innebere ein prisauke på mellom 3,5 øre/kWh og 4,5 øre/kWh, eller mellom 28–35 prosent, avhengig av kva rente som blir valt. Dersom dei gamle kraftverka blir tekne med, der mange står overfor effektoppgraderingar, kan prisen auke ytterlegare. Samla vil dette tilseie at prisen kan auke opp mot 8 øre/kWh.

Voss herad meiner dette viser at ein ny modell for berekning av prisen vil ha den motsette konsekvensen av det som går fram av høyringsnotatet; lovendinga der representativt tal vasskraftverk blir stroke – samanhalde med ny berekningsmodell – vil kunne få stor betydning for konsesjonskraftprisen og kommunane sin økonomi.

Forslag til ny modell bør difor utgreiast på nytt og eventuelt justerast før det blir sendt på eiga høyring, der berørte partar får tilgang til relevant datagrunnlag.

Voss herad peikar òg på kor viktig det er at kommunane må kunne etterprøve korleis ED-prisen er berekna. Kommunen er skeptisk til at konsesjonsstyresmaktene skal hente ut datagrunnlaget frå skatteetaten. Det må vere ei absolutt føresetnad at datagrunnlaget og berekningsmetoden er tilstrekkeleg opne, og at tilsynsmyndigheita har reell kontroll med kostnadsrapporteringa. Kommunane får i dag i liten grad innsyn i skattegrunnlaga, trass i at kommunane sjølve er skattekreditor for skatten.

Avsluttande merknader

Konsesjonskrafta er ei av dei viktigaste vertskommuneordningane for Voss herad og har stor betydning både for kommunen sin økonomi og ikkje minst for lokal aksept for vidare utvikling av vasskraftressursane.

Voss herad støttar målet om forenkling gjennom ei felles prislesesegn, men understrekar at:

- Konsesjonskraftprisen framleis må fastsetjast i tråd med eit sjølvkostprinsipp.
- Prisnivået ikkje gjer konsesjonskrafta dyrare enn alternativ kraft i marknaden.
- Forslaget om at gjennomsnittleg sjølvkost ikkje lenger skal baserast på eit «representativt tal kraftverk» blir forkasta.
- Reglane for kva utval av kraftverk som skal inngå i prisgrunnlaget, må fastsetjast i dialog med partane sine organisasjonar, basert på ei føresetnad om at investeringar som ikkje gir auka konsesjonskraftvolum til kommunane, ikkje blir velta over på kommunen.

- Endringar i modell for berekning av ED-prisen blir gjenstand for grundig utgreiing i ei eiga høyring.

*** Høyringssvar slutt ***

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 30.04.2026 - 30/26

Voss heradsstyre vedtek å senda inn følgjande høyringssvar:

*** Høyringssvar start ***

Høyringssvar frå Voss herad – Energidepartementets forslag til endring av konsesjonskraftprisen

Voss herad viser til Energidepartementets høyringsbrev 23. januar 2026 med frist 24. april for høyringssvar.

Departementet føreslår to lovendringar:

(1) å endre vannfallsrettighetsloven og vassdragsreguleringsloven slik at «skiljet i konsesjonskraftpris for konsesjonar gjevne før og etter 10. april 1959» fell bort, og det blir etablert ein felles gjennomsnittleg pris.

(2) at den gjennomsnittlege sjølvkostprisen ikkje lenger skal baserast på eit representativt tal kraftverk i heile landet, men inkludere alle vasskraftanlegg som pliktar å avstå konsesjonskraft.

Voss herad er kjend med at Energidepartementet sitt framlegg har som føremål å styrkje grunnlaget for lokal tilslutnad til ny kraftutbygging, mellom anna planar om opprusting og utvidingsprosjekt (O/U-prosjekt). Kommunen har vurdert dei framsette framlegga ut frå denne målsetjinga, som berre kan nåast dersom verdien av konsesjonskraftordninga for kommunane blir ført vidare.

Landssamanslutninga av vasskraftkommunar - LVK - støttar ei samanslåing av prisregima (punkt 1 ovanfor), men støttar ikkje framlegget om å endre lova si ordlyd frå at sjølvkostberekninga skal baserast på eit representativt tal kraftverk, til at prisen skal byggje på alle vasskraftverk som har plikt til å avstå konsesjonskraft (sjå punkt 2 ovanfor). Ei slik endring vil føre til ein stor auke i konsesjonskraftprisen, og konsekvensen vil vere større lokal motstand, stikk i strid med den uttrykte målsetjinga i høyringsnotatet.

LVK støttar heller ikkje framlegga i høyringsnotatet om andre endringar i prisberekningsmodellen. Grunngevinga er den same som for framlegget om å endre ordlyden frå eit representativt tal kraftverk; ein endra berekningsmodell vil kunne føre til ein betydeleg prisauke med store omfordelingar mellom kraftselskapa og kommunane, utan at kommunane får nemneverdig meir konsesjonskraft.

Voss herad sluttar seg til LVK sitt høyringssvar og til dei vurderingane den byggjer på.

Voss herad vil nedanfor framheve betydninga av konsesjonskraftordninga for **Voss herad**

Kort om kommunen si rett til konsesjonskraft

Voss herad er vertskommune for fylgjande vasskraftanlegg:

Samla tildelt konsesjonskraft er 72,265 GWh årleg. Av dette vert 63,225 GWh henta ut til ED-pris, medan 9,040 GWh vert henta ut til individuell sjølvkost.

Verknadar av felles konsesjonskraftpris for kommunen

For Voss herad er det avgjerande at konsesjonskrafta framleis representerer ein økonomisk fordel for kommunen samanlikna med å kjøpe kraft med tilsvarende profil i marknaden, og at ho ikkje mistar verdi gjennom ein for høg ED-pris.

Voss herad er positiv til ei forenkling av regelverket gjennom éi felles prislesesegn. Kommunen meiner vidare at prisberekninga framleis må vere basert på sjølvkost for konsesjonskrafta – også når ho skal representere eit gjennomsnitt. I dette ligg at det skal vere sjølvkost som er representativ for konsesjonskrafta, og ikkje som sjølvkost for all vasskraftproduksjon.

Sjølv om Voss herad tek ut storparten av konsesjonskrafta basert på ED-pris, vil forslaget om å fjerne føresegna om at sjølvkosten skal baserast på eit representativt tal kraftverk medføra ei betydeleg endring av konsesjonskraftprisen, utan ei tilsvarende mengd konsesjonskraft. Ein høgare ED-pris vil auka kostnadane kommunen har til utkjøp av krafta, noko som får direkte konsekvens for kommunen sin økonomi. Som det framkjem seinare i denne fråsegna vil ED-pris kunne auka betydeleg. Basert på auke, inklusive effektoppgradering av anlegg, i ED pris tilsvarende 8 øre/kWh, vil uttak av konsesjonskraft kosta kommunen over 5 millionar meir enn i dag, årleg. Det er ein betydeleg auke.

Kommunen vil difor motsetje seg denne endringa, sjølv om kommunen er positiv til samanslåinga.

Utval av kraftverk i prisgrunnlaget

Departementet foreslår, som nemnt ovanfor, at konsesjonskraftprisen skal baserast på gjennomsnittleg sjølvkost for «vasskraftverk som pliktar å avstå konsesjonskraft», i staden for eit representativt utval.

Voss herad vil motsetje seg denne lovendringa.

I høyringsnotatet side 13 siste avsnitt framkjem det at:

«Lovendringen vil i mindre grad påvirke konsesjoner gitt etter 10. april 1959, da det for disse kun vil være tale om å endre beregningen fra et representativt utvalg til alle kraftverk som plikter å avgi konsesjonskraft. Departementet anslår at ED-prisen med denne endringen vil øke marginalt. At NVE og departementet endrer sin utregning av hva som inngår i grunnlaget for «gjennomsnittlig selvkost» antas derfor å medføre en ubetydelig endring for disse kraftverkene og kommunene som mottar denne konsesjonskraften. Denne problemstillingen diskuteres derfor ikke videre.»

Voss herad kan ikkje sjå at dette er riktig, at endringa berre vil føre til ein marginal prisauke. Tvert imot viser berekningar at prisen kan auka betydeleg. Denne auken kjem før ein tek med effektverka, som ikkje kan reknast som representative for berekning av konsesjonskraftprisen. Kommunen meiner at effektverka truleg vil føre til ytterlegare prisauke, utan at kommunen får ein tilsvarende auke i mengda konsesjonskraft.

Mange av opprustings- og utvidingsprosjekta som for tida er planlagde eller omsøkte, er nettopp effektutbyggingar som vil krevje betydelege investeringar. På Statkraft si heimeside går det fram at det er planar om å investere om lag 27 milliardar kroner i oppgraderingar. Ifølgje media er det samla planlagde investeringar på nær 100 milliardar kroner. Investeringane vil først og fremst bidra til auka effekt, og Voss herad meiner difor at slike investeringar ikkje bør inngå i sjølvkostgrunnlaget. Dersom effektinvesteringar skal inngå i prisgrunnlaget, inneber det at kommunane i realiteten betaler for investeringar som ikkje gir rett til meir konsesjonskraft. Ei slik løysing vil svekkje formålet med konsesjonskraftordninga.

Voss herad ber difor om at departementet sitt forslag om å stryke orda «representativt antall vannkraftverk» i femte ledd første setning, blir fråfalle.

Ny berekningsmetode for ED-prisen

Voss herad meiner vidare at forslaget om endring av prisberekningsgrunnlaget og prisberekningsmodellen ikkje kan behandlast før konsekvensane av dette er tilstrekkeleg kartlagde. Som det går fram ovanfor, meiner kommunen at det ikkje er riktig at departementet sitt forslag til lovendring og ny modell for å berekne prisen berre vil føre til ein marginal auke i prisen. Thema, som på oppdrag frå Energidepartementet har foreslått endringar i berekningsmodellen, skriv sjølv at ein ny modell i tråd med deira forslag vil innebere ein prisauke på mellom 3,5 øre/kWh og 4,5 øre/kWh, eller mellom 28–35 prosent, avhengig av kva rente som blir valt. Dersom dei gamle kraftverka blir tekne med, der mange står overfor effektoppgraderingar, kan prisen auke ytterlegare. Samla vil dette tilseie at prisen kan auke opp mot 8 øre/kWh.

Voss herad meiner dette viser at ein ny modell for berekning av prisen vil ha den motsette konsekvensen av det som går fram av høringsnotatet; lovendringa der representativt tal vasskraftverk blir stroke – samanhalde med ny berekningsmodell – vil kunne få stor betydning for konsesjonskraftprisen og kommunane sin økonomi.

Forslag til ny modell bør difor utgreiast på nytt og eventuelt justerast før det blir sendt på eiga høyring, der berørte partar får tilgang til relevant datagrunnlag.

Voss herad peikar òg på kor viktig det er at kommunane må kunne etterprøve korleis ED-prisen er berekna. Kommunen er skeptisk til at konsesjonsstyresmaktene skal hente ut datagrunnlaget frå skatteetaten. Det må vere ei absolutt føresetnad at datagrunnlaget og berekningsmetoden er tilstrekkeleg opne, og at tilsynsmyndigheita har reell kontroll med kostnadsrapporteringa. Kommunane får i dag i liten grad innsyn i skattegrunnlaga, trass i at kommunane sjølve er skattekreditor for skatten.

Avsluttande merknader

Konsesjonskrafta er ei av dei viktigaste vertskommuneordningane for Voss herad og har stor betydning både for kommunen sin økonomi og ikkje minst for lokal aksept for vidare utvikling av vasskraftressursane.

Voss herad støttar målet om forenkling gjennom ei felles prislesesegn, men understrekar at:

- Konsesjonskraftprisen framleis må fastsetjast i tråd med eit sjølvkostprinsipp.
- Prisnivået ikkje gjer konsesjonskrafta dyrare enn alternativ kraft i marknaden.
- Forslaget om at gjennomsnittleg sjølvkost ikkje lenger skal baserast på eit «representativt tal kraftverk» blir forkasta.
- Reglane for kva utval av kraftverk som skal inngå i prisgrunnlaget, må fastsetjast i dialog med partane sine organisasjonar, basert på ei føresetnad om at investeringar som ikkje gir auka konsesjonskraftvolum til kommunane, ikkje blir velta over på kommunen.
- Endringar i modell for berekning av ED-prisen blir gjenstand for grundig utgreiing i ei eiga høyring.

*** Høyringssvar slutt ***

Saksordførar Samson Hamre

Handsaming

Formannskap, plan og økonomi røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

FPL - 30/26 Vedtak

Voss heradsstyre vedtek å senda inn følgjande høyringssvar:

*** Høyringssvar start ***

Høyringssvar frå Voss herad – Energidepartementets forslag til endring av konsesjonskraftprisen

Voss herad viser til Energidepartementets høyringsbrev 23. januar 2026 med frist 24. april for høyringssvar.

Departementet føreslår to lovendringar:

(1) å endre vannfallsrettighetsloven og vassdragsreguleringsloven slik at «skiljet i konsesjonskraftpris for konsesjonar gjevne før og etter 10. april 1959» fell bort, og det blir etablert ein felles gjennomsnittleg pris.

(2) at den gjennomsnittlege sjølvkostprisen ikkje lenger skal baserast på eit representativt tal kraftverk i heile landet, men inkludere alle vasskraftanlegg som pliktar å avstå konsesjonskraft.

Voss herad er kjend med at Energidepartementet sitt framlegg har som føremål å styrkje grunnlaget for lokal tilslutnad til ny kraftutbygging, mellom anna planar om opprusting og utvidingsprosjekt (O/U-prosjekt). Kommunen har vurdert dei framsette framlegga ut frå denne målsetjinga, som berre kan nåast dersom verdien av konsesjonskraftordninga for kommunane blir ført vidare.

Landssamanslutninga av vasskraftkommunar - LVK - støttar ei samanslåing av prisregima (punkt 1 ovanfor), men støttar ikkje framlegget om å endre lova si ordlyd frå at sjølvkostberekninga skal baserast på eit representativt tal kraftverk, til at prisen skal byggje på alle vasskraftverk som har plikt til å avstå konsesjonskraft (sjå punkt 2 ovanfor). Ei slik endring vil føre til ein stor auke i konsesjonskraftprisen, og konsekvensen vil vere større lokal motstand, stikk i strid med den uttrykte målsetjinga i høyringsnotatet.

LVK støttar heller ikkje framlegga i høyringsnotatet om andre endringar i prisberekningsmodellen. Grunngevinga er den same som for framlegget om å endre ordlyden frå eit representativt tal kraftverk; ein endra berekningsmodell vil kunne føre til ein betydeleg prisauke med store omfordelingar mellom kraftselskapa og kommunane, utan at kommunane får nemneverdig meir konsesjonskraft.

Voss herad sluttar seg til LVK sitt høyringssvar og til dei vurderingane den byggjer på.

Voss herad vil nedanfor framheve betydninga av konsesjonskraftordninga for **Voss herad**

Kort om kommunen si rett til konsesjonskraft

Voss herad er vertskommune for fylgjande vasskraftanlegg:

Samla tildelt konsesjonskraft er 72,265 GWh årleg. Av dette vert 63,225 GWh henta ut til ED-pris, medan 9,040 GWh vert henta ut til individuell sjølvkost.

Verknadar av felles konsesjonskraftpris for kommunen

For Voss herad er det avgjerande at konsesjonskrafta framleis representerer ein økonomisk fordel for kommunen samanlikna med å kjøpe kraft med tilsvarande profil i marknaden, og at ho ikkje mistar verdi gjennom ein for høg ED-pris.

Voss herad er positiv til ei forenkling av regelverket gjennom éi felles prislesesegn. Kommunen meiner vidare at prisberekninga framleis må vere basert på sjølvkost for konsesjonskrafta – også når ho skal representere eit gjennomsnitt. I dette ligg at det skal vere sjølvkost som er representativ for konsesjonskrafta, og ikkje som sjølvkost for all vasskraftproduksjon.

Sjølv om Voss herad tek ut storparten av konsesjonskrafta basert på ED-pris, vil forslaget om å fjerne føresegna om at sjølvkosten skal baserast på eit representativt tal kraftverk medføre ei betydeleg endring av konsesjonskraftprisen, utan ei tilsvarande mengd konsesjonskraft. Ein høgare ED-pris vil auka kostnadane kommunen har til utkjøp av krafta, noko som får direkte konsekvens for kommunen sin økonomi. Som det framkjem seinare i denne fråsegna vil ED-pris kunne auka betydeleg. Basert på auke, inklusive effektoppgradering av anlegg, i ED pris tilsvarande 8 øre/kWh, vil uttak av konsesjonskraft kosta kommunen over 5 millionar meir enn i dag, årleg. Det er ein betydeleg auke.

Kommunen vil difor motsetje seg denne endringa, sjølv om kommunen er positiv til samanslåinga.

Utval av kraftverk i prisgrunnlaget

Departementet foreslår, som nemnt ovanfor, at konsesjonskraftprisen skal baserast på gjennomsnittleg sjølvkost for «vasskraftverk som pliktar å avstå konsesjonskraft», i staden for eit representativt utval.

Voss herad vil motsetje seg denne lovendringa.

I høyringsnotatet side 13 siste avsnitt framkjem det at:

«Lovendringen vil i mindre grad påvirke konsesjoner gitt etter 10. april 1959, da det for disse kun vil være tale om å endre beregningen fra et representativt utvalg til alle kraftverk som plikter å avgi konsesjonskraft. Departementet anslår at ED-prisen med denne endringen vil øke marginalt. At NVE og departementet endrer sin utregning av hva som inngår i grunnlaget for «gjennomsnittlig selvkost» antas derfor å medføre en ubetydelig endring for disse kraftverkene og kommunene som mottar denne konsesjonskraften. Denne problemstillingen diskuteres derfor ikke videre.»

Voss herad kan ikkje sjå at dette er riktig, at endringa berre vil føre til ein marginal prisauke. Tvert imot viser berekningar at prisen kan auke betydeleg. Denne auken kjem før ein tek med effektverka, som ikkje kan reknast som representative for berekning av konsesjonskraftprisen. Kommunen meiner at effektverka truleg vil føre til ytterlegare prisauke, utan at kommunen får ein tilsvarande auke i mengda konsesjonskraft.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusere overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskta hendingar.

Styrar for løyve

Skjenkestyrar:	Renate Kvåle	F: 01.04.1975
Avløyssar:	Knut Arild Kvåle	F: 05.04.1972

Handsaming

Samrøystes vedteke med 8 røyster

LEV - 24/26 Vedtak

1. Holbergstova med org. nummer: 937279183 får skjenkeløyve frå 07.05.26 til 30.09.2028

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute	1-2	Kl. 12:00	Kl. 01:00
Ute	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkoholova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttas slik det går fram av løyvedokument samt dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikk.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusere overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskta hendingar.

Styrar for løyve

Skjenkestyrar:	Renate Kvåle	F: 01.04.1975
Avløysar:	Knut Arild Kvåle	F: 05.04.1972

Saksordførar: Gry Bystøl Gladheim

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

Tilleggsfremlegg, foreslått av Knut Ståle Kvissel, Framstegspartiet

Utval for levekår ynskjer at det i punkt 4 vert lagt til at det ved servering av alkoholholdige drikker etter kl 23.00 skal det vera eigna vakthald i helgene (fredag og laurdag) jamf Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Heradsstyret røysta over innstilling frå Utval for levekår, samrøystes vedteke med 41 røyster.

Herasstyret røysta over tilleggsframlegg frå Knut Ståle Kvissel, Frp, samrøystes vedteke med 41 røyster.

HST - 46/26 Vedtak

1. Holbergstova med org. nummer: 937279183 får skjenkeløyve frå 07.05.26 til 30.09.2028

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider slik:

Stad:	Gruppe:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1-2	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Inne	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00
Ute	1-2	Kl. 12:00	Kl. 01:00
Ute	3	Kl. 13:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer skal skjenkeløyvet nyttas slik det går fram av løyvedokument samt dei lover og regler som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikk.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusere overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskte hendingar.

Styrar for løyve

Skjenkestyrar:	Renate Kvåle	F: 01.04.1975
Avløyser:	Kurt Arild Kvåle	F: 05.04.1972

Utval for levekår ynskjer at det i punkt 4 vert lagt til at det ved servering av alkoholholdige drikker etter kl 23.00 skal det vera eigna vakthald i helgene (fredag og laurdag) jamf Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer.

47/26 Nytt skjenkeløyve nytt firma Venezia Pizza Voss orgnr: 931697838

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Venezia Pizza Voss AS med org. nummer: 931697838 får skjenkeløyve frå 07.05.26 til 30.09.28 for klasse 1 frå 2,5 til og med 4,7 % alkohol

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider for klasse 1 slik:

Stad:	Klasse:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Ute	1	Kl. 12:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sin alkoholpolitiske handlingsplan skal skjenkeløyvet nyttas slik det går fram av løyvedokument samt dei lover og regler som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikk.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusere overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskte hendingar.

Skjenkestyrar:	Ahmad Sahran Alazo	F: 23.09.1992
Avløysar:	Mohammed Jalo	F: 14.11.1992

Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 28.04.2026 - 27/26

1. Venezia Pizza Voss AS med org. nummer: 931697838 får skjenkeløyve frå 07.05.26 til 30.09.28 for klasse 1 frå 2,5 til og med 4,7 % alkohol

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider for klasse 1 slik:

Stad:	Klasse:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Ute	1	Kl. 12:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sin alkoholpolitiske handlingsplan skal skjenkeløyvet nyttas slik det går fram av løyvedokument samt dei lover og regler som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikk.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusere overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskte hendingar.

Skjenkestyrar:	Ahmad Sahran Alazo	F: 23.09.1992
Avløysar:	Mohammed Jalo	F: 14.11.1992

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 29.04.2026 - 25/26

1. Venezia Pizza Voss AS med org. nummer: 931697838 får skjenkeløyve frå 07.05.26 til 30.09.28 for klasse 1 frå 2,5 til og med 4,7 % alkohol

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider for klasse 1 slik:

Stad:	Klasse:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Ute	1	Kl. 12:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sin alkoholpolitiske handlingsplan skal skjenkeløyvet nyttas slik det går fram av løyvedokument samt dei lover og regler som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikk.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusere overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskta hendingar.

Skjenkestyrar:	Ahmad Sahran Alazo	F: 23.09.1992
Avløysar:	Mohammed Jalo	F: 14.11.1992

Tilleggsframlegg:

Utval for levekår ynskjer at det i punkt 4 vert lagt til at det ved servering av alkoholholdige drikker etter kl 23.00 skal det vera egna vakthald jamf Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Saksordførar: Knut Ståle Kvissel

Utval for kultur og næring 28.04.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke med 8 røyster.

UKN - 27/26 Vedtak

1. Venezia Pizza Voss AS med org. nummer: 931697838 får skjenkeløyve frå 07.05.26 til 30.09.28 for klasse 1 frå 2,5 til og med 4,7 % alkohol

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider for klasse 1 slik:

Stad:	Klasse:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Ute	1	Kl. 12:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkoholova § 4-7 og Voss herad sin alkoholpolitiske handlingsplan skal skjenkeløyvet nyttas slik det går fram av løyvedokument samt dei lover og regler som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikk.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusere overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskte hendingar.

Skjenkestyrar:	Ahmad Sahran Alazo	F: 23.09.1992
Avløyser:	Mohammed Jalo	F: 14.11.1992

Utval for levekår 29.04.2026

Handsaming

Tilleggsframlegg, foreslått av May Røssland, Arbeiderpartiet

Levekår ynskjer at det i punkt 4 vert lagt til at det ved servering av alkoholholdige drikker etter kl 23.00 skal det vera egna vakthald jamf Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Røysta over tilleggsframlegg fremja av eit samla utval for levekår, samrøystes vedteke. Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegg vart røysta over, samrøystes vedteke med 8 røyster.

LEV - 25/26 Vedtak

1. Venezia Pizza Voss AS med org. nummer: 931697838 får skjenkeløyve frå 07.05.26 til 30.09.28 for klasse 1 frå 2,5 til og med 4,7 % alkohol

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle

skjenketider for klasse 1 slik:

Stad:	Klasse:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Ute	1	Kl. 12:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkoholova § 4-7 og Voss herad sin alkoholpolitiske handlingsplan skal skjenkeløyvet nyttas slik det går fram av løyvedokument samt dei lover og regler som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikk.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusere overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskta hendingar.

Skjenkestyrar:	Ahmad Sahran Alazo	F: 23.09.1992
Avløysar:	Mohammed Jalo	F: 14.11.1992

Tilleggsframlegg:

Utval for levkår ynskjer at det i punkt 4 vert lagt til at det ved servering av alkoholholdige drikker etter kl 23.00 skal det vera egna vakthald jamf Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Saksordførar: Knut Ståle Kvissel

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

endringsforslag, foreslått av Knut Ståle Kvissel, Framstegspartiet

Utval for levkår ynskjer at det i punkt 4 vert lagt til at det ved servering av alkoholholdige drikker etter kl 23.00 skal det vera egna vakthald i helgene jamf Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Endringsframlegg, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

I punkt 4 vert det lagt til at det ved servering av alkoholholdige drikker etter kl 23.00 skal det vera egna vakthald jamf Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer: *I lokale der det vert servert alkohol etter*

kl 2300 natt til laurdag, natt til sundag, natt til 1 januar, i påsken frå natt til skjærtorsdag og fram til 2 påskedag, natt til 1 og 17 mai, natt til 2 pinsedag og natt til onsdag før helgetorsdag, skal det vera godkjente ordensvakter. Politiet kan påleggja serveringsstader ordensvakter til andre tider dersom dei finn det naudsynt

Heradsstyret røysta over innstilling frå Utval for levekår, samrøystes vedteke med 41 røyster.

Heradsstyret røysta over endringsframlegg frå Tonje Ljones Såkvitne, Sp, samrøystes vedteke med 41 røyster.

HST - 47/26 Vedtak

1. Venezia Pizza Voss AS med org. nummer: 931697838 får skjenkeløyve frå 07.05.26 til 30.09.28 for klasse 1 frå 2,5 til og med 4,7 % alkohol

2. Løyvet vert gjeve i tråd med gjeldande reglar i alkoholpolitiske retningslinjer og generelle skjenketider for klasse 1 slik:

Stad:	Klasse:	Frå tidspunkt	Til tidspunkt
Inne	1	Kl. 10:00	Kl. 02:30
Ute	1	Kl. 12:00	Kl. 01:00

3. I samsvar med Alkohollova § 4-7 og Voss herad sin alkoholpolitiske handlingsplan skal skjenkeløyvet nyttas slik det går fram av løyvedokument samt dei lover og regler som til ei kvar tid gjeld for skjenking av alkoholholdig drikk.

4. Skjenkestaden ved skjenkestyrar pliktar å delta i programmet Ansvarlig alkoholhandtering som har til hensikt å redusere overskjenking, samt bråk og uro knytt til skjenkestaden. I dette vilkåret ligg det også eit pålegg om å inngå samarbeid med Voss lensmannsdistrikt med mål om å setja i verk tiltak av førebyggjande karakter for å redusera talet på valdsepisodar og andre ikkje ynskta hendingar.

Skjenkestyrar:	Ahmad Sahran Alazo	F: 23.09.1992
Avløysar:	Mohammed Jalo	F: 14.11.1992

I punkt 4 vert det lagt til at det ved servering av alkoholholdige drikker etter kl 23.00 skal det vera egna vakthald jamf Voss herad sine alkoholpolitiske retningslinjer: *I lokale der det vert servert alkohol etter kl 2300 natt til laurdag, natt til sundag, natt til 1 januar, i påsken frå natt til skjærtorsdag og fram til 2 påskedag, natt til 1 og 17 mai, natt til 2 pinsedag og natt til onsdag før helgetorsdag, skal det vera godkjente ordensvakter. Politiet kan påleggja serveringsstader ordensvakter til andre tider dersom dei finn det naudsynt*

48/26 Utvida skjenketid i høve Fotball VM 2026 Voss herad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss heradsstyre vedtek følgjande:

1. I alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028 § 4.3.6 vert maksimaltida for skjenking gruppe 1 og gruppe 2, mellombels endra i tråd med foreslått lovendring frå Helse og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026, med atterhald om at den føreslegne lovendringa vert vedtatt.
2. Utvida skjenketid for dei aktuelle skjenkestadane for klasse 1 og 2 er til kl 06.00 innandørs i perioden 11.6.2026 - 19.7.2026.
3. Utandørs vert skjenketida som før til 01.00.

Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 28.04.2026 - 28/26

Utval for kultur og næring vedtok å ikkje utvida skjenketid under Fotball VM 2026.

Vedtak som innstilling frå Utval for levekår, 29.04.2026 - 22/26

Utval for levekår tilrår ikkje midlertidig utviding av alkoholpolitiske retningslinjer under fotball Vm 2026.

Saksordførar: Sturla Hommedal

Inhabile	Varamedlem	Merknad
Bridget Penny		
Dag Sandvik	Hilde Skorve	
Knut Ståle Kvissel		

Utval for kultur og næring 28.04.2026

Handsaming

Utvalet røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget fall med 5 røyster, med møteleiar Stein Helge Mandelid si dobbeltstemme mot 4 røyster (Katrine Matthiessen, H, Terje Eide, INP, Brigdet Penny, R, Endre Evensen, Uav).

UKN - 28/26 Vedtak

Utval for kultur og næring vedtok å ikkje utvida skjenketid under Fotball VM 2026.

Utval for levekår 29.04.2026

Handsaming

Alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Gry Bystøl Gladheim , Sosialistisk venstreparti

Levekår fremjar rådmannen sin alternative framlegg til vedtak: Rådmannen tilrår ikkje midlertidig utviding av alkoholpolitiske retningslinjer under fotball Vm 2026.

Røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak opp mot alternativt framlegg til vedtak fremja av SV, AP og UAV. Rådmannen sitt framlegg fall med 3 stemmer (Sturla Hommedal, SP, Knut Kvissel, FRP og Erik Flage, H.

LEV - 22/26 Vedtak

Utval for levekår tilrår ikkje midlertidig utviding av alkoholpolitiske retningslinjer under fotball Vm 2026.

Saksordførar: Sturla Hommedal

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

Dag Sandvik, SV, bad om vurdering av habilitet som styreleiar for ekstremsportveka, jf fvl § 6-e

Knut Ståle Kvissel, Frp, bad om vurdering av habilitet som dagleg leiar av Inside Voss, jf fvl § 6 andre ledd

Bridget Penny, R, bad om vurdering av habilitet som eigar av Rongastova, jf fvl § 6 andre ledd

Heradsstyret røysta over repr. sin habilitet og Knut Ståle Kvissel, Bridget Penny og Dag Sandvik vart samrøystes, med 39 røyster, funne ugilde. Hilde Skorve, SV, tok sete som vara for Dag Sandvik.

Heradsstyret røysta over innstilling frå Utval for levekår opp mot rådmannen sitt framlegg. Utval for levekår si innstilling vart vedteke med 30 røyster mot 9 røyster (Tonje Ljones Såkvitne, Sturla Hommedal, Sp, Daniel Lund Imani, Oddbjørn Bratthole, H, Stig Frode Soltveit Støle, Frp, Lars Gunnar Øye, Terje Eide, Knut Opheim, Kenneth Myhre, INP)

HST - 48/26 Vedtak

Heradsstyret tilrår ikkje midlertidig utviding av alkoholpolitiske retningslinjer under fotball Vm 2026.

49/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene vert tatt til orientering.

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke.

HST - 49/26 Vedtak

Referatsakene vert tatt til orientering.

07/26 Interpellasjon frå Voss senterparti v/Kari Nestaas Ruud - om moglegheiter i Voss kulturhus

Voss Senterparti ynskjer at rådmannen ser på mogelegheiter for meir allsidig og auka bruk av Voss Kulturhus.

Me ynskjer at ein samanliknar bibliotek-tilbodet og kinotilbodet med andre kommunar og ser på moglegheiter for betre utnytting av desse tilboda.

Ein skal også sjå på moglegheita for å setje kinodrifta ut til eksterne.

I rommet som biblioteket held til i i dag ber me om ei moglegheitstudie der ein ser på om rommet kan brukast til fleire aktivitetar og tenester samstundes.

Det skal vurderast om ein kan etablere eit kafétilbod som gjer det meir attraktivt å besøkje både for tilreisande og fastbuande i alle aldrar.

I Voss kulturhus bør ein forsmak av vår kultur visast fram, slik som festivalane våre, bunaden, musikken, idretten, maten og drikka. Alt dette bør være lett synleg i "storstova" som biblioteket held til i dag.

Det er ynskjeleg at noko av biblioteket vert flytta til andre deler av huset slik at ein får meir pass til minglerom, aktivitet og utsikten kjem betre fram. Den delen som vert flytta til anna rom kan også difor enklare nyttast til stillerom. Det er svært viktig at me har eit tilgjengeleg og godt bibliotektilbod på Voss, og me ynskjer ikkje å gjere det mindre tilgjengeleg, men ved å auke bruken av kulturhuset trur me at også biblioteket vert meir nytta.

Forslag til vedtak:

Rådmannen skal ha ei moglegheitstudie for Voss Kulturhus for å sjå på korleis ein får syne fram kulturen vår og får auka bruk at huset og tilboda me har der, spesielt bibliotekrommet og kinotilbodet.

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Før heradsstyret gjer vedtak om moglegheitsstudie av Voss kulturhus er det nyttig å ha litt meir oversikt over bruk og potensial slik det er i dag.

Voss kulturhus er eit hus med høg og variert aktivitet knytt til kino, bibliotek, arrangement, utleige og dagleg bruk av fellesareal. Vaksenopplæringa er ein sentral del av den daglege drifta, og nyttar i praksis dei fleste romma på dagtid. Kultursalen og dei mindre salane vert nytta til seminar, skuleaktivitetar, kommunal verksemd og frivillige arrangement også på dagtid. Heradet nyttar kulturhuset i aukande grad til møte- og seminarverksemd, noko som gjev direkte økonomisk innsparing.

På dagtid har me eit etablert seniortilbod, mellom anna gjennom seniorkino, konsertseriar og arrangement i biblioteket. På kveldstid er huset i stor grad i bruk av faste aktørar som orkesteret Fossegrimen, skulemusikken, Voss musikklag og kulturskulen og andre frivillige organisasjonar. Samla sett fungerer huset som ein viktig møteplass for ulike målgrupper gjennom heile dagen. I tida framover vil aktivitetsnivået auke ytterlegare. Etablering av frivilligsentral og styrking av ungdomstilbod vil gje meir dagleg bruk og fleire aktivitetar. Samstundes vil ombygginga av Gamlekinoen i ein periode redusere kapasiteten og gi auka press på eksisterande areal.

Kinoen er ein sentral del av det økonomiske grunnlaget i kulturhuset, og inntektene herifrå er med på å finansiere breidda i tilbodet. Ei eventuell vurdering av ekstern drift vil difor ikkje berre påverke kinoen isolert, men heile driftsmodellen for kulturhuset.

Kafedrift er vurdert, men erfaring frå kafedrift i tilsvarande verksemdar tilseier at dette er krevjande å få lønsamt. I tillegg kan det skapa konkurranse med eksisterande aktørar i sentrum. Det er eit potensial knytt til besøkande og turistar som allereie nyttar huset, til dømes gjennom bruk av fasilitetar. Her kan det vere aktuelt å sjå nærare på korleis ein i større grad kan leggje til rette for at desse også tek del i tilbodet i huset.

Samla sett er vurderinga at utfordringsbiletet framover i mindre grad handlar om å skape meir aktivitet, og i større grad om korleis ein organiserer, prioriterer og vidareutviklar eit allereie høgt aktivitetstilbod. Ein eventuell moglegheitsstudie bør difor ta utgangspunkt i faktisk bruk, heilskapleg drift og dei konsekvensane ulike tiltak vil ha for totalen.

Me set pris på engasjement knytt til Voss kulturhus. Som innleiinga her viser er huset i stadig utvikling, men utfordringa er den avgrensa kapasiteten på huset. Nye aktivitetar, dimensjonering, samarbeidsaktørar, kvalitet og tilrettelegging vil kunne svarast ut i ein moglegheitsstudie. Rådmannen stiller likevel spørsmål om det er rett tidspunkt å bruke tid og pengar på ein slik gjennomgang no når organisasjonen er i generell omstilling.

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Kari Nestaas Ruud, Senterpartiet

På bakgrunn av svar frå ordførar ynskjer eg å trekkja mitt opprinnelege framlegg til vedtak og fremjar nytt framlegg til vedtak:

Heradsstyret ber om ein samla arenastudie som planlegg utvikling av kulturhus og Gamlekinoen i samanheng. Dersom det er pågåande saker som det vil vera naturleg å sjå i samanheng med ein slik kulturarena-studie, ber heradsstyret om at dette vert gjort.

Heradsstyret røysta over nytt framlegg til vedtak frå Kari Nestaas Ruud, Sp, samrøystes vedteke med 40 røyster.

HST - 07/26 Vedtak

På bakgrunn av svar frå ordførar ynskjer eg å trekkja mitt opprinnelege framlegg til vedtak og fremjar nytt framlegg til vedtak:

Heradsstyret ber om ein samla arenastudie som planlegg utvikling av kulturhus og Gamlekinoen i samanheng. Dersom det er pågåande saker som det vil vera naturleg å sjå i samanheng med ein slik kulturarena-studie, ber heradsstyret om at dette vert gjort.

08/26 Interpellasjon frå Krf v/Øystein Måkestad - felles utsending av partiprogram til alle husstandar før valet i 2027

Kjernen i saka

Demokrati føreset tilgang til informasjon. I dag er ikkje den tilgangen lik i Voss herad. Nokre innbyggjarar får mykje informasjon – andre nesten ingenting.

Det er ikkje berre uheldig. Det er eit demokratisk utfordring.

Framlegg til vedtak

Voss heradstyre ber administrasjonen greia ut ei ordning med felles utsending av partiprogram til alle husstandar før neste lokal val.

Utgreiinga skal omfatta:

- kostnader og finansiering
- praktisk gjennomføring
- miljøomsyn
- juridiske avklaringar, inkludert likebehandling av parti

Saka vert lagt fram i god tid før budsjettarbeidet neste år.

Kvifor dette er nødvendig?

I eit moderne lokalsamfunn kan me ikkje basera oss på at alle er digitale, oppsøkjande og godt informerte.

Ei felles utsending:

- sikrar lik tilgang til informasjon
- gjer det mogleg å samanlikna parti på ein enkel måte
- styrkjer deltakinga i val
- jamnar ut skilnader mellom små og store parti

Kort sagt: Ho styrkjer sjølve grunnmuren i lokaldemokratiet.

Dette er løyst før

Dette er ikkje ein idé – det er ein dokumentert praksis i andre kommunar.

Modellen er enkel:

- Adm. i heradet hentar inn prisar frå Posten/Bring
 - det vert sett klare rammer for utsendingane. T.d. max vekt reklame pr. parti
 - partia pakkar sjølve inn i konvoluttar.
 - administrasjonen koordinerer og sender ut
- Det er ryddig. Det er føreseieleg. Og det verkar.

Konklusjon og oppmoding

Spørsmålet er difor ikkje om me kan få dette til.

Spørsmålet er om me vil.

Eg vil oppmoda heradsstyret om å ta eit tydeleg standpunkt for lik informasjon og eit sterkare lokaldemokrati – og be administrasjonen leggja fram ei konkret sak om felles utsending før valet i 2027.

Å la vera er i praksis å akseptera ulik tilgang til informasjon.
Det bør me ikkje gjera.

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Takk for interpellasjonen og for eit viktig engasjement for lokaldemokratiet og lik tilgang til informasjon for alle innbyggjarar i Voss herad.

Eg deler synet på at god informasjon er ein føresetnad for demokratisk deltaking. Likevel er det eit viktig prinsipp i det norske systemet at det er eit tydeleg skilje mellom den nøytrale kommunale administrasjonen og den politiske verksemda til partia våre. Distribusjon av partiprogram er i kjernen av partia si eiga verksemd, og det er ikkje ei naturleg oppgåve for heradsstyret å påleggja administrasjonen å fungere som ein logistikkpartner eller utgreiar for partipolitisk reklame.

Administrasjonen i Voss herad er allereie hardt pressa på ressursar, og me må prioritera kva me bestiller, utover dei lovpålagde oppgåvene. Å setja i gang ei utgreiing om porto, logistikk, miljøavtrykk og juridisk likebehandling for ei utsending i 2027, vil krevja innsats som me treng til andre tenester.

Mitt framlegg til løysing er difor: Dette er eit partipolitisk ansvar. Saka vert ikkje lagt til administrasjonen for utgreiing. Men, eg vil invitera alle gruppeleiarane i partia til ein diskusjon om korleis partia eventuelt sjølve kan samarbeida om ei felles utsending. Her kan partia dela på kostnadene og koordinera det praktiske utanfor det kommunale systemet.

Digital tilrettelegging: Eg kan i dialog med rådmannen vurdere om me skal leggja til rette med ei samleside under politikk på voss.herad.no sin heimeside, der alle partia sine program kan verte lenka opp. Dette krev lite administrasjon. På denne måten sikrar me målet om god informasjon, utan å belasta heradet sin administrasjon med oppgåver som prinsipielt bør liggja hjå dei politiske partia.

Alternativt framlegg til vedtak:

1. Voss heradsstyre deler ønsket om god og lik informasjon til innbyggjarane før valet i 2027.
2. Heradsstyret meiner at koordinering og utsending av partiprogram er eit ansvar som ligg hjå dei politiske partia sjølve, og ikkje hjå den kommunale administrasjonen.

3. Ordførar vert beden om å ta saka opp med gruppeleiarane for å sjå på moglegheita for eit frivillig partisamarbeid om felles distribusjon, uavhengig av heradsadministrasjonen.
4. Administrasjonen vert ikkje pålagt utgreiings- eller koordineringsansvar i saka

Heradsstyret røysta over framlegg til vedtak frå Øystein Måkestad, Krf, opp mot ordførar sitt framlegg til vedtak. Ordførar sitt framlegg vart vedteke med 36 røyster mot 4 røyster (Øystein Måkestad, Krf, Trygve Lyshagen Tømmerås, Mdg, Knut Ståle Kvissel, Stig Frode Soltveit Støle, Frp)

HST - 08/26 Vedtak

1. Voss heradsstyre deler ønsket om god og lik informasjon til innbyggjarane før valet i 2027.
2. Heradsstyret meiner at koordinering og utsending av partiprogram er eit ansvar som ligg hjå dei politiske partia sjølve, og ikkje hjå den kommunale administrasjonen.
3. Ordførar vert beden om å ta saka opp med gruppeleiarane for å sjå på moglegheita for eit frivillig partisamarbeid om felles distribusjon, uavhengig av heradsadministrasjonen.

Administrasjonen vert ikkje pålagt utgreiings- eller koordineringsansvar i saka

06/26 Grunngeve spørsmål frå Trygve L. Tømmerås, Mdg

I februar 2024 vedtok heradsstyret enstemmig at administrasjonen skal arbeide med å opprette flere kommunale hensynssoner for friluftsliv nær skoler og barnehager.

Vedtaket ble gjort på bakgrunn av interpellasjon HST – 04/24, fremmet av Trygve Lyshagen Tømmerås

Vedtak:

Heradstyre vedtar følgjande innspill til arealplan: Administrasjonen skal jobbe med å opprette fleire kommunale hensynssoner for friluftsliv i nærleiken av skoler og barnehager i Heradet. Områder som blir benytta i undervisning skal prioriteres.

På denne bakgrunnen ønsker jeg en tilbakemelding om hvordan vedtaket er fulgt opp i forbindelse med arbeidet med rullering av arealplanen:

- Er det satt i gang kartlegging av friluftslivsområder rundt skoler og barnehager, for eksempel i tråd med Miljødirektoratets veileder «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder»?
- Har skoler og barnehager blitt involvert i arbeidet, for eksempel gjennom innspill eller høring?
- Hvordan og når ser administrasjonen for seg at hensynssoner for friluftsliv blir konkretisert og innarbeidet i arealplanen?

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Voss herad søkte Vestland fylkeskommune om midlar til kartlegging og verdisetjing av friluftsområde i januar 2026. Bakgrunnen for dette er eit behov for å ta ein gjennomgang av tidlegare kartleggingar i 2017 (Granvin) og 2018 (Voss). Voss herad har fått tildelt 100 000 kr til dette arbeidet. Den nye kartlegginga vil starta opp til sommaren, og vil inkludera områder knytt til skular og barnehagar. Dette vart gjort ved forrige kartlegging og, men det kan vera endra bruk av nærområda no.

Kartlegginga vil verta gjort etter den nye rettleiaren til Miljødirektoratet.

Når det gjeld medverknad vil alle skular og barnehagar vil verta opplyst om moglegheita til å spela inn sine friluftsområde. Me vil også invitera relevante organisasjonar til ei referansegruppe.

Arbeidet vil i hovudsak verta gjort til hausten. Resultatet vil verta innarbeidd i kommuneplankartet som omsynssoner friluftsliv, og med tilhøyrande retningslinjer.

HST - 06/26 Vedtak

07/26 Grunngeve spørsmål - PwC sin rapport om legetenesta v/Dag Sandvik, SV

I pwc rapporten som vart framlagt for fpl 30.04 vart det mellom anna vist til at innbyggjarane i Voss, samanlikna med Vestland og landet elles:

- over tid har hatt ein større andel utan fast lege
- i gjennomsnitt har hatt kortare relasjon til eigen fastlege
- oftare møter ein annan lege enn sin faste lege ved konsultasjon

Dette er noko me finn bekymringsfullt.

Heradet har eit særskilt ansvar for systematisk oppfylgjing og kvalitetsforbetring av helse- og omsorgstjenestene. Me viser til s. 83 i rapporten:

Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse-og omsorgstjenesten (internkontrollforskriften) §3: Kommunen skal etablere et styringssystem som sikrer systematisk styring av virksomhetens aktiviteter og kvalitetsarbeid. Dette gjelder også fastlegetjenesten. Kommunens ledelse har ansvar for at det drives internkontroll: at fastlegeordningen planlegges, gjennomføres, evalueres og forbedres i tråd med krav i lov og forskrift. Praktisk betyr det at kommunen jevnlig må vurdere om fastlegetilbudet oppfyller forsvarlighetskrav (f.eks. ventetider, tilgjengelighet, befolkningsdekning), at avvik fanges opp, og at nødvendige tiltak settes inn. Forskriften påpeker at medarbeidere (inkludert fastleger) skal medvirke i dette kvalitetsarbeidet.

For å sikre at kommunen etterlever krava til internkontroll etter internkontrollforskrifta, vil me gjerne be om ei oversikt over:

- kva internkontrollsystem som er etablert på dette området
- korleis desse blir brukt i praksis
- kven som har ansvar for oppfølging og revisjon

Dersom slikt system ikkje er etablert, ber me om ei orientering om korleis kommunen vurderer vidare oppfølging.

Handsaming

Svar frå ordførar, foreslått av Tonje Ljones Såkvitne, Senterpartiet

Dei tre momenta:

- over tid har hatt ein større andel utan fast lege
- i gjennomsnitt har hatt kortare relasjon til eigen fastlege
- oftare møter ein annan lege enn sin faste lege ved konsultasjon

er i utgangspunktet knytt til same årsak, at me over tid har hatt et høgt tal vikarar ved Voss legekontor. Dette gjeld ikkje dei tre andre næringsdrivande fastlegekontora på Voss der Voss herad også har eit "sørgje-for" ansvar for fastlegetenester.

Vikarbehovet har delvis vore utløyst av udekte stillingar, men i stor grad òg fråvær som etterleving av arbeidslivets lov- og avtaleverk utløyser. Fordi me har hatt yngre legar tilsett enn landsgjennomsnittet for fastlegar, har me hatt overhyppigheit av fråvær knytt til fødsels- og svangerskapspermisjonar samt avtalefesta utdanningspermisjonar, noko som igjen fører

til auka vikarbehov og dermed òg hyppigare utskifting av den legen den enkelte pasient møter på konsultasjonstidspunktet.

Når det gjeld forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta, inngår internkontrollen ved Voss legekontor som ein integrert del av internkontrollen med helsetenestene i Voss herad. Voss herad nyttar kvalitet styringssystemet Compilo for å etterleva forskrifta sine krav òg for Voss legekontor, sjå skjembileta under.



I følgje forskrifta § 5 skal styringssystemet *«tilpassast verksemda si storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold og ha det omfanget som er nødvendig.»* Dette er tilfelle for Voss legekontor. Kontoret blir følgt opp med ein tilpassa del av det samla styringssystemet forskrifta fastset for helse- og omsorgstenesta.

I Compilo blir både avvik meldt og behandla slik at forskrifta sine krav i § 6 bokstav g, § 7 bokstav d og § 8 bokstav e blir etterlevde.

Gjennom møte mellom kontoret si leiing og gjennom halvårlege fagdagar, slik det går fram av verksemda sitt årshjul blir verksemda evaluert fortløpande, jf. forskrifta § 8. I den krevjande perioden som no ligg bak oss, har dette i tillegg blitt supplert med faste møte med tillitsvalde. Verksemdsleiar AFFOR og leiar for legetenestene har til saman hatt 8 møter med tillitsvalde ved Voss legekontor frå oktober 2025 til april 2026. I tillegg er det halde fleire møte med fagansvarleg lege.

Nettopp fordi verksemda har oversikt over *«område der det er risiko for svikt eller mangel på etterleving av myndigheitskrav og område der det er behov for vesentleg forbetring av kvaliteten på tenesta og pasient- og brukarsikkerheita»*, jf. forskrifta § 6 bokstav d, er det sett i gang både langsiktige og kortsiktige tiltak. Verksemda har identifisert at ubesette stillingar og hyppig vikarskifte kan utgjera ein risiko for svikt. Det er i denne samanhengen ein må sjå både tiltaket med å utvida Sæthres legekontor for tilbakeføring av to heimlar, innleige av to svært erfarne spesialistar i allmennmedisin som rettleiar yngre kollegaer, opprettinga av rolla som medisinsk-fagleg rådgjevar i allmennmedisin og styrkinga av leiarteamet ved Voss-kontoret.

Avslutningsvis skal det nemnast at Voss legekantor i denne krevjande perioden ikkje har hatt nokon hendingar som har gitt grunn til å underkjenna den medisinsk-faglege kvaliteten på tenesta ved kontoret. Det betyr at det ikkje har vore nokon saker behandla i Norsk pasientskadeerstatning (NPE) som har resultert i erstatning som følgje av svikt i tenesta, og det har heller ikkje vore pasientklager retta til Statsforvaltaren som har resultert i at Fylkeslegen har påpeikt behandlingssvikt.



HST - 07/26 Vedtak

50/26 Ymse

Heradsstyret 07.05.2026

Handsaming

HST - 50/26 Vedtak